

Hordaland fylkeskommune samferdselsavdelinga

Saksnr. 14/616 - 2 Arkivkode / No2/ Saksh. Aina Tjosås - 56575043 Dykkar ref. Dato 10.03.2014

## Høyringsvar frå Os kommune- Kollektivstrategi

Viser til høyringsutkast til Kollektivstrategi for Hordaland.

Kollektivtransporten har stor verdi for innbyggjarane i fylket og strategien skal vere grunnlaget for riktige vegval i eit langsiktig perspektiv. Målet er best mogleg tilbod til flest mogleg innbyggjarar. Strategien legg opp til ei spissing av kollektivtilbodet mot dei største reisestraumane i fylket.

Os kommune har per i dag eit relativt godt kollektivtilbod mot Bergen. Mellom kommunesenteret Osøyro og dei ulike krinsane er tilbodet langt dårlegare. Strategien omhandlar i svært liten grad konsekvensane ved å prioritere ressursane endå meir mot der transportbehovet er størst. Ein slik strategi som ein legg opp til her, krev eit godt utbygd nett av andre former for transport.

Strategien omtalar i all hovudsak busstransport. Skal den fungere som kollektivstrategi, bør strategien også sei noko om korleis buss/bybanetranspost skal sjåast i samanheng med for eksempel etablering av pendlarparkering, gang- og sykkelveggar og transportknutepunkt, der også drosje blir vurdert som kollektivtransportens forlenga arm.

I planprogram for Regional plan for attraktive senter i Hordaland, er Transport, tilgjenge og kommunikasjon eit eige planføremål. Føremålet er å gi retningslinjer for kvalitet for ulike transportformer og tilgjenge i ulike senter. I denne planen er også god breibanddekning, for å redusere behovet for transport, eit tema.

Slik vi vurderer det burde desse to planane i større grad bli sett i samanheng. Vi ser at dette kan bli vanskeleg å få til når planane alt er kome så langt i prosessen, men rår til at dette blir gjort ved neste rullering.

Med helsing

Paul J. Manger  
Ass.rådmann

Aina Tjosås  
Plan- og utviklingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar*

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56575043		